

Fri nettilgang ved HVS ni skule

Elevrådsteiar Katrine Håhjem Kvilekval, ved Haram vidaregåande skule, meiner kvar enkelt elev må ta ansvar for nettbruken sin i skuletida.

Eyv Skarvøy Lien
eyv@haramsnytt.no

Ved Haram vidaregåande skule har elevane full nettilgang kan elevrådsteiar Katrine Håhjem Kvilekval fortelje. Ho ser både positive og negative sider ved ei slik ordning.

Ansvar

— Eg trur dei aller fleste elevane er inne på sider dei ikkje burde vere i løpet av ein skuledag. Om vi let det gå ut over skulegangen vår, er det vårt eige ansvar, meiner Katrine. Vi har sjølv valt å gå på skule, då må vi kunne ta ansvar for kva vi brukar skuletida til sjølve.

Reglement

Ho er klar over at det ved enkelte andre vidaregåande skular er restriksjonar på nettilgangen.

— Elevrådet ved HVS har diskutert det med skuleleiinga, og vi har kome fram til at nettilgangen ikkje skal avgrensa seg eller overvakast her hjå oss. Men reglementet skal fylgjast, og det seier at vi ikkje skal bruke sider som facebook, nedlastingssider, spelesider eller andre typar sosiale media i undervisningstida, fortel ho.

Merknadar

Katrine syns det er heilt greit at lærarane kan gje merknadar dersom dei ser at nokon er inne på sider dei ikkje skal, men derifrå til å drive med



Det er heilt greit at lærarane kan gje merknadar dersom elevane er inne på sider dei ikkje skal, meiner elevrådsteiar Katrine Håhjem Kvilekval.

overvakning er eit langt steg.

— Det vil alltid vere slik at nokre kastar bort dagane sine på nettet, litt syvnd, men samstundes eit ansvar og ei prioritering kvar enkelt elev må ta sjølv, meiner Katrine.

Multitasking

Sjølv om ho trur alle er innom slike sider i løpet av skuledagen, meiner ho ikkje at det nødvendigvis går ut over undervisninga.

— Vi lærer oss å nytte tida

godt, og oppdaterar tildømmesprofilen vår på facebook når læraren viskar av tavla, smilar ho. I enkelte fag, som er meir kjedeleg enn andre, er det lettare å bruke litt meir tid, vedgår ho. Unge i dag er vekse opp med å gjere mange ting samstundes, utan at det forstyrrar konsentrasjonen vår. Eg spelar til dømes musikk når eg skriv stil, seier ho.

Fridom under ansvar

— Dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal fylke har opne IT-løysingar. Dette er vedteke på fylkesnivå, seier rektor ved HVS, Jan Magne Helland.

Eyv Skarvøy Lien
eyv@haramsnytt.no

— Elevane har tilgang til ulike typar av frie kommunikasjonsverktøy. Spørsmål om å stenge enkelte av desse, har vore vurdert, fortel Jan Magne Helland. Vi har fått tilbakemelding om at dette har lite for seg. Skular som har brukt tid og ressursar på å stenge av Facebook, msn etc., har opplevd at elevane etter

kort tid har bygd vegar rundt hindringane. Med den kapasiteten mange av våre elevar har, vil dei på kort tid «halvst utfordringa». Difor er dette ikkje vegen å gå. Haram vidaregåande skule var av den første skulen i Møre og Romsdal som fekk Internetttilgang for elevane (januar 95). Enkelte døymte dette nord og ned, og kalla det ei døgnflue. I dag blir Internett nytta som ein integrert del av undervisninga i mange fag, seier han.

Tililtten verdtig

— Når det gjeld bruk av IKT så har Haram vidaregåande skule ein grunnleggjande undervisningsfilosofi som bygg-

ger på tillit mellom lærarar og elevar. Elevane vert tidleg klar over at det har liten verdi å nytte Internett til ikkje fagretta føremål i undervisningstida. Skulen ser det ikkje som formålstenleg å drive utstrakt kontrollverksend av elevane sin bruk av IKT, seier Helland. Vi ønskjer å halde på det tilitsforholdet vi har til våre elevar, og som dei i hovudsak har vist seg å bruke på ein positiv og god måte. Så lenge våre elevar dreg nytte av den informasjonen dei har av å nytte IKT på ein sjølvstendig måte, ser vi liten grunn til å endre på gjeldande praksis. Omfattande og irrelevant bruk av IKT i skuletida har synt seg å gi liten sosial sta-



Rektor ved Haram vidaregåande skule, Jan Magne Helland.

tus. Vår oppfatning er at elevane har eit normalt og avslappna tilhøve til bruk av Internett. Vi som skule føler at elevane set pris på å bli vist tililt, seier rektor Helland.